

---

Saksnr: 2021/19553-1  
Saksbehandlar: Tor Ivar Sandvik

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		25.05.2021
Hovudutval for næring		25.05.2021

## Strategisk samarbeid mellom Høgskulen på Vestlandet og Vestland fagskule

Forslag til vedtak

Hovudutvalet ber om at fylkesdirektør for opplæring og kompetanse gir prosjektstyret til Vestland fagskule oppdrag om å følge opp tilrådingane til vidare arbeid i forstudierapporten

Samandrag

Høgskulen på Vestlandet og fagskulane i Vestland (Fagskulen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane, som vert samanslegne til ein fagskule frå 1.1.2022) har felles ambisjonar om å bidra til utvikling av arbeidsstyrken i Vestland fylke og styrke regional konkurransekraft. På bakgrunn av dette har dei gjennomført eit forstudie for å kunne vurdere i kva grad dei kan utvikle samfunnsoppdraget gjennom vidareutvikling av eit strategisk samarbeid.

Rapporten frå forstudiet definerer følgjande samarbeidsområde: 1. ordinære utdanningsløp, 2. fleksible / modulbaserte utdanningsløp inkl. etter og vidareutdanning, 3. FoU og innovasjon, 4. kompetanse- og studentmiljø og 5. drift og investeringar.

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør for opplæring og kompetanse

Bård Sandal  
fylkesdirektør for innovasjon og  
næringutvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Samarbeidsavtale HVL og fagskulane
- 2 Forstudie - samarbeid HVL og fagskulane

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hovuddelen av saksutgreiinga er henta frå vedlagde forstudierapport.

Delar av Vestland fylke og ulike bransjar møter ulike utfordringar med å skaffe kvalifisert arbeidskraft i åra framover, og har behov for kompetanseutvikling i eigen arbeidsstyrke. Rekrutteringsproblem innanfor offentleg tenesteyting vil kunne få konsekvensar for kvaliteten på tenestene til innbyggjarane, og vedvarande rekrutteringsproblem i næringslivet kan hemme vekstpotensialet som bedriftene våre har.

Utvikling av arbeidsstyrken i Vestland fylke og styrke regional konkurransekraft, er ei hovuddrivkraft både for Høgskulen på Vestlandet, Fagskolen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane. Det er derfor eit felles ønske frå utdanningsinstitusjonane å utgreie i kva grad ein kan utvikle samfunnsoppdraget gjennom eit strategisk samarbeid.

På bakgrunn av ovannemnde etablerte Høgskulen på Vestlandet, Fagskulen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane ei samarbeidsavtale i april 2020, med formål om å utgreie potensialet for vidareutvikling av eit strategisk samarbeid, jf. vedlegg 1 og 2.

Hovudkonklusjonen av forstudiet er at ei vidareutvikling av samarbeidet mellom høgskulen og fagskulane vil kunne gje store synergieffektar for utdanningsinstitusjonane, samt bidra til auka kvalitet i undervisninga.

På høgskulen har studentane bacheloroppgåver, masteroppgåver, PhD-prosjekt og ved fagskulen har studentane hovudprosjekt med element av forskning, utvikling og innovasjon. Eit sterkare samarbeid også på dette området kan bidra til å stimulere næringslivet til auka FoU og innovasjon.

På eit overordna nivå kan dei ulike samarbeidsområda som er påpeika i forstudiet oppsummerast i følgjande punkt:

- Ordinære utdanningsløp.
- Fleksible / modulbaserte utdanningsløp inkl. etter- og vidareutdanning.
- FoU og innovasjon.
- Kompetanse- og studentmiljø.
- Drift og investeringar.

Ein viss nærleik mellom institusjonane vil vere svært viktig i høve til kor omfattande samarbeidet vil kunne bli. Dess nærare lokasjon dess større er moglegheitene for å utvikle samarbeidet t.d. gjennom auka bruksgrad på ustyr og felles investeringar.

Forstudiet gir følgjande tilrådingar til vidare arbeid:

1. Det er behov for å konkretisere ei revidert samarbeidsavtale basert på funna i denne rapporten, og som peiker konkret på ønska utviklingsretning i høve utdanning, FoU og innovasjon, kompetanse- og studentmiljø og drift og investeringar. I tillegg må det utarbeidast konkrete satsingar knytt til dei enkelte utdanningsprogramma.

2. Når samarbeidet innan fagområda er kome i gang vil ein lettare kunne vurdere kva økonomiske synergjar ein vil kunne få. Det vert derfor tilrådd at det vert gjort ei utgreiing av det økonomiske innsparingspotensialet etter at samarbeid er etablert.

3. Vidare vil det vere behov for å utarbeide ein felles strategi for korleis ein skal samarbeide om rekruttering og samarbeid med arbeidslivet. Som ein del av dette samarbeidet er det også behov for å vurdere om utdanningsprogramma er tilpassa det næringslivet treng 10 år fram i tid, og i kva grad digitalisering og automatisering vil endre kompetansebehova i framtida.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for opplæring og kompetanse har vedtaksmynde.

Vurderingar og verknader

### **Økonomi:**

Forstudiet oppsummerer følgjande m.o.t. økonomiske konsekvensar:

Ved å få til eit godt samarbeid om å nytte utstyr mellom høgskulen og Vestland fagskule, vil både arealbehovet og investeringsbehovet kunne reduserast for begge institusjonane. Samarbeidet bør verte utvikla i så stor grad at det ikkje vil vere naudsynt å investere i større utstyr dersom ein av samarbeidspartnarane har det aktuelle utstyret. I tillegg kan ein ved framtidige investeringar vurdere moglegheita for felles innkjøp slik at kostnadene for den einkilde institusjon vert lågare.

### **Klima:**

Felles drift og investeringar vil kunne redusere samla innkjøp og redusere miljøavtrykket.

### **Folkehelse:**

Eit samarbeid innan utdanningsstrategiar vil kunne legge betre til rette for kombinasjon mellom arbeid og utdanning. Dette gir betre mogelegheit for tilsette til eigenutvikling og mogelegheiter for livslang læring.

### **Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Vidareutvikling av eit strategisk samarbeid mellom Høgskulen på Vestlandet og Vestland fagskule bør knytast til arbeidet med Regional plan for kompetanse.

### **Konklusjon**

Vidareutvikling av eit strategiske samarbeid mellom Høgskulen på Vestlandet og Fagskulen i Vestland vil kunne styrke både regional rekrutteringsprofil og utvikling av arbeidsstyrken i Vestland fylke.

Fagskulane er definert som høgare yrkesfagleg utdanning, og det er difor naturleg at dei 2 utdanningsinstitusjonane orienterar seg mot eit strategisk samarbeid innanfor fag- og profesjonsutdanningane. Det er viktig at det vert sett av ressursar til å følgje opp tilrådingane til vidare arbeid som er definert i forstudiet.

Som eit ledd i å konkretisere dei ulike strategiske satsingane er det behov for å gjennomføre økonomiske vurderingar, særskilt knytt til eventuelle synergjar m.o.t. areal, drift og investeringar.

Som skuleeigar er det svært viktig at verdien av ei vidareutvikling av eit strategisk samarbeidspotensiale vert vurdert i ein regional kontekst, dvs. at det vurdert opp mot kva dette kan tilføre arbeids- og samfunnsliv i Vestland fylke.